

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/2199-1

## Fråværsstatistikk 1. kvartal 2019 - Hovudsamarbeidsutvalet

### Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

### **Vedlegg:**

Hovudtabell 1. kvartal 2019

### **Andre relevante dokument i saka:**

Statistikkgrunnlag og andre hjelpetabellar og rekneark.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Samandrag**

Fråværsstatistikken skal tene som grunnlag for å avdekkje problem i arbeidsmiljøet. Den kan også bidra til å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå eininga, eventuelt med bistand frå andre støttespelarar, som til dømes vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS eller frå Frm-personal. Framlegging av sjukefråværstal og statstikk har heimel i arbeidsmiljølova [§ 5-1](#) og i folketrygdlova [§ 25-2](#).

For første kvartal 2019 er dei samla registrerte fråværstala 0,4 prosentpoeng høgare samanlikna med første kvartal i 2018. For eitt år sidan registrerte vi ved første kvartal eit samla fråvær på 6,2 %. Til samanlikning ligg vi no på 6,6 % og vi er med det over stabiliseringsmålet på gjennomsnittleg 5 % ved dette kvartalet.

Seks einingar/LAMU-områder rapporterte fråvær på gjennomsnittleg seks prosent og over dette «obs-målet» ved første kvartal i år. Desse einingane er Tannhelsetenesta (9,4 %), Sogndal vg skule (9,2 %), Flora vg skule (10,4 %), Firda vg skule (7,0 %), Eid vg skule (6,5 %) og sentraladministrasjonen (6,6 %). Som tidlegare vert desse einingane beden om å utarbeida ei særskild analyse og å tilbakemelde dette til rådmann – jf. sak 09/63-1. Føremålet er at einingane med fråvær over 6 % skal analysere djupare sitt fråvær og kommentere fråværet sitt samt å leite særskild etter mogleg samanheng med forhold i arbeidsmiljøet. Vidare å prøve finne kva tiltak eininga ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær.

### **1. Kommentar til samla registrering første kvartal 2019**

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar ansvarsområda opplæring, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen kvar for seg. Sentraladministrasjonen inkluderer tilsette på fylkeshuset i Leikanger og sentraladministrasjonen sin del av næring- og kulturavdelinga, inkludert andre avdelingar sine satellittkontor, lokalisert til Storehagen atrium med adresse Storehagen 1B i Førde. Frå og med registreringane ved 1. kvartal 2017 blei den tidlegare gruppa «Andre» inkludert i sentraladministrasjonen. Desse nye som no er inkludert er OKOS, fylkesbiblioteket, fylkesarkivet medrekna kommunearkivordninga samt sekretariatet for kontrollutvalet.

1. kvartal 2019										
		Mogelege dagsverk	Eigenmeldte fråvær	Sjukmeldte 1-3 dagar	Fråvær 1-3	Fråvær 4-16	Fråvær 17-56	Fråvær >56	Totalt fråvær	Fråværs prosent
Kvinner/menn	Sum	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk
Kvinner	Sentraladm.	6643,8	104,8	172,7	90,6	35,7	93,5	362,7	591,7	8,9
Menn	Sentraladm.	7969,1	83,4	71	70,5	20,7	41	247,4	379,5	4,8
<b>Sum Totalt</b>	<b>Sentraladm.</b>	<b>14612,9</b>	<b>188,2</b>	<b>243,7</b>	<b>161,1</b>	<b>56,4</b>	<b>134,5</b>	<b>610,1</b>	<b>971,2</b>	<b>6,6</b>
Kvinner	Opplæring	30612,7	359,5	636,9	326,5	194,6	457,3	1432,8	2411,2	7,9
Menn	Opplæring	22574	171,8	315,5	140,5	120,2	177,7	503,5	941,9	4,2
<b>Sum Totalt</b>	<b>Opplæring</b>	<b>53186,7</b>	<b>531,3</b>	<b>952,4</b>	<b>467</b>	<b>314,8</b>	<b>635</b>	<b>1936,3</b>	<b>3353,1</b>	<b>6,3</b>
Kvinner	Tannhelse	5097,6	71,5	224,6	57,5	68,8	106,3	280	512,6	10,1
Menn	Tannhelse	419,4	1	6,4	1	6,4	0	0	7,4	1,8
<b>Sum Totalt</b>	<b>Tannhelse</b>	<b>5517</b>	<b>72,5</b>	<b>231</b>	<b>58,5</b>	<b>75,2</b>	<b>106,3</b>	<b>280</b>	<b>520</b>	<b>9,4</b>
<b>Sum totalt kvinner</b>		<b>42354,1</b>	<b>535,8</b>	<b>1034,2</b>	<b>419,7</b>	<b>356,9</b>	<b>926,3</b>	<b>2075,5</b>	<b>3515,5</b>	<b>8,3</b>
<b>Sum totalt menn</b>		<b>30962,5</b>	<b>256,2</b>	<b>392,9</b>	<b>162,2</b>	<b>167,6</b>	<b>425,1</b>	<b>866,2</b>	<b>1328,8</b>	<b>4,3</b>
<b>SUM</b>		<b>73316,6</b>	<b>792</b>	<b>1427,1</b>	<b>686,6</b>	<b>446,4</b>	<b>875,8</b>	<b>2826,4</b>	<b>4844,3</b>	<b>6,6</b>

Tabell 1. Samla fråværsstatistikk frå 1. kvartal 2019

Tabell 1 over viser det samla sjukefråværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle einingane) i 1. kvartal 2019. Vi registrerte eit samla fråvær på 6,6 % ved dette kvartalet. Til samanlikning registrerte vi no 0,4 prosentpoeng høgare tal enn ved første kvartal i 2018 som då registrerte 6,2 %. Les kommentarar knytt til sektorane under.

## 2. Kommentar til tenesteområda

### Tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har 18 tannklinikkar og 3 ambuleringsklinikkar. Tenesta er organisert som ein institusjon med direktør for tannhelsetenesta som øvste leiar, deretter fylkestannlege, rådgjevar og førstekonsulentar i sentral stab. Tannklinikane rapporterer til den sentrale staben. Klinikksjefen er lokal leiar med ansvar for dagleg drift og med avgrensa personalansvar ved tannklinikane.

1. kvartal 2019										
		Mogelege dagsverk	Eigenmeldte fråvær	Sjukmeldte 1-3 dagar	Fråvær 1-3	Fråvær 4-16	Fråvær 17-56	Fråvær >56	Totalt fråvær	Fråværs prosent
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk
Kvinner	Tannhelse	5097,6	71,5	224,6	57,5	68,8	106,3	280	512,6	10,1
Menn	Tannhelse	419,4	1	6,4	1	6,4	0	0	7,4	1,8
<b>Sum Totalt</b>	<b>Tannhelse</b>	<b>5517</b>	<b>72,5</b>	<b>231</b>	<b>58,5</b>	<b>75,2</b>	<b>106,3</b>	<b>280</b>	<b>520</b>	<b>9,4</b>

Tabell 2) Første kvartal 2019 frå tannhelsetenesta

I første kvartal i 2018 – for eitt år sidan – registrerte tannhelsetenesta eit samla snitt på 9,6 %. Tala viser no 9,4 %. Det er ein liten reduksjon samanlikna med same periode for eitt år sidan.

Når vi ser på klinikknivå viser dette at tre klinikkar/kontor som har null fråvær i perioden. Sju klinikkar/kontor har fråvær på 6 % eller høgare. Samla registrerar tenesta over 6 % og det vert difor stilt krav til særskild eigenanalyse/eigenrapport som etter LAMU si handsaming vert sendt til Frm-personal. Tannhelsetenesta er kjenneteikna av mange små eininga og vil med det få store prosentvise utslag om ein tilsett er ute i langtidsfråvær. Og dei skriv at ....fråværet gjeld i hovudsak planlagde operasjonar og svangerskapsrelatert fråvær. Leiinga i tannhelsetenesta følgjer opp korttidsfråværet og ev. årsaker til dette. LAMU drøftar langtidsfråværet for den einkilde, og det er

sett i verk tiltak for å redusere årsaker for dette. Dei sjukmelde vert følgd opp etter gjeldande retningslinjer.

### Sentraladministrasjonen<sup>i</sup>

Sentraladministrasjonen har hovudsete på Leikanger – fylkeshuset samt i Storehagen 1B i Førde (Storehagen Atrium) der kulturdelen av næring- og kulturavdelinga har hushald. I tillegg husar ein i Førde fleire kontorplassar for medarbeidarar frå fleire avdelingar i sentraladministrasjonen. OKOS har også til no hatt kontorstad her. Dei er no flytte til Concord bygget og samlokalisert med fleire opplæringskontor der i Firdavegen 6, Førde.

Sentraladministrasjonen er rimeleg sektordelt. Felles er at kontormiljø og kontorarbeid kjenneteiknar arbeidsmiljøet, men ikkje berre det. Her er også tekniske tenester, reinhald samt deler av arbeidsoppgåvene til kultur (arkeologar) og arkivtenester som alle har andre arbeidsmiljø enn den typiske kontorarbeidsplassen. Det er variasjonar mellom sektorane/avdelingane både i storleik og sjukefråværstal. Som elles må ein her vere merksame på at små einingar med få tilsette vil få høge fråværstal rekna i prosent når ein eller få vert lenge borte frå arbeidet.

Historisk sett har sentraladministrasjonen registrert moderate fråværstal. Første kvartal viser no høgare tal enn vanleg. Gjennomsnittet no er 6,6 % der kvinner og menn står for høvesvis 8,9 % og menn 4,8 %. Men også innanfor denne eininga sprik det noko mellom avdelingane. I dette kvartalet er det driftstenesta, *bibliotekføremål* og *løn* og *rekneskapsavdelinga* med høvesvis 13, 9 og 8 tilsette som «toppar» statistikken. Driftstenesta har 19,8 %, *Bibliotekføremål* har 13,5 % og løn og rekneskapsavdelinga har 11,6 %. OKOS registrerte 23,6 % fråvæ i perioden. Bygge og eigedomstenesta (8,2 %). Samla gjennomsnittleg fråværstal for sentraladministrasjonen ligg no 1,6 prosentpoeng over resultatmålet for verksemda samla.

1. kvartal 2019										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Sentraladm.	6643,8	104,8	172,7	90,6	35,7	93,5	362,7	591,7	8,9
Menn	Sentraladm.	7969,1	83,4	71	70,5	20,7	41	247,4	379,5	4,8
<b>Sum Totalt</b>	<b>Sentraladm.</b>	<b>14612,9</b>	<b>188,2</b>	<b>243,7</b>	<b>161,1</b>	<b>56,4</b>	<b>134,5</b>	<b>610,1</b>	<b>971,2</b>	<b>6,6</b>

Tabell 3) Første kvartal 2019 frå sentraladministrasjonen

### Tenesteområde vidaregåande opplæring

Som vanleg registrerar nokre einingar låge fråværstal medan andre viser høgare tal. Gjennomgåande viser dei vidaregåande skulane høvesvis moderate fråværstal også i dette kvartalet. Der er likevel registrert fire einingar med fråvær over stabiliseringsmålet på 5 %. Gjennomsnittleg registrering for tenesteområdet er 5,2 % der kvinner er ute med 6,2 % av sin tilgjengelege arbeidsressurs og menn tilsvarande med 3,7 %.


Vi registrerar stabile, høvesvis moderate fråværstal ved tenesteeiningane. Fire einingar registrerer fråvær over rapporteringsgrensa<sup>ii</sup> på 6 % dette kvartalet. Desse er *Sogndal*, *Flora*, *Firda* og *Eid* som registrerer høvesvis 9,2 %, 10,4 %, 7,0 % og 6,5 %. LAMU handsamar statistikken og vil rapportere særskild om forholda. Langtidsfråværa trekk i vesentleg grad opp snittet ved desse einingane.

1. kvartal 2019										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Opplæring	30612,7	359,5	636,9	326,5	194,6	457,3	1432,8	2411,2	7,9
Menn	Opplæring	22574	171,8	315,5	140,5	120,2	177,7	503,5	941,9	4,2
<b>Sum Totalt</b>	<b>Opplæring</b>	<b>53186,7</b>	<b>531,3</b>	<b>952,4</b>	<b>467</b>	<b>314,8</b>	<b>635</b>	<b>1936,3</b>	<b>3353,1</b>	<b>6,3</b>

Tabell 4) Statistikk frå opplæringssektoren første kvartal 2019

<sup>i</sup> Tilsette som høyrer til ytre kultursektor har vore plassert under gruppa *Andre*. Ny organisering tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Det vil bety at «*Andre*» vil inngå i sentraladministrasjonen.

<sup>ii</sup> Dei einingane med fråvær lik og større enn 6 % rapportere særskild til fylkesrådmann med analyse av fråværet.



Grafikk 1. Gjennomsnittleg frávær begge kjønn ved tenesteområdet dei vidaregåande skulane (inkludert Fagskulen i Sogn og Fjordane og Sogn Jord- og hagebruksskule).


Tabellen under viser kvar eining sine registreringar fordelt mellom høvesvis kvinner, menn og gjennomsnittet for begge kjønn.

Arbeidstad	KJ	Bemanning	Mogelege dagsv. netto	Egenm. frávær dagsv.	Sjukem. dagsv.	S.frávær 1-3 dagsv	Frávær 4-16 dagsv	Frávær 17-56 dagsv	Frávær > 56 dagsv	Sum frávær dagsv	Fráværs prosent
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	25,0	1 201	16,8	12,5	14,8	14,5	9,7	0,0	39,1	3,3
	M	21,0	1 134	9,8	0,0	9,8	0,0	0,0	0,0	9,8	0,9
<b>ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>46,0</b>	<b>2 335,0</b>	<b>26,6</b>	<b>12,5</b>	<b>24,6</b>	<b>14,5</b>	<b>9,7</b>	<b>0,0</b>	<b>48,9</b>	<b>2,1</b>
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	100,0	5 303	70,3	204,1	65,4	46,8	138,1	273,5	523,8	9,9
	M	66,0	3 715	17,7	109,4	17,7	2,4	36,0	248,0	304,1	8,2
<b>SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>166,0</b>	<b>9 018,3</b>	<b>88,0</b>	<b>313,5</b>	<b>83,1</b>	<b>49,2</b>	<b>174,1</b>	<b>521,5</b>	<b>627,9</b>	<b>9,2</b>
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE	K	16,0	842,0	11,8	31,1	7,8	10,0	25,1	0,0	42,8	5,1
	M	17,0	899,5	9,5	24,4	2,7	6,8	24,4	0,0	33,9	3,8
<b>HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>33,0</b>	<b>1 741,5</b>	<b>21,3</b>	<b>55,5</b>	<b>10,5</b>	<b>16,8</b>	<b>49,5</b>	<b>0,0</b>	<b>76,7</b>	<b>4,4</b>
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE	K	80,0	4 089	41,0	33,3	41,9	17,0	43,9	134,9	237,7	5,8
	M	93,0	5 090	38,3	65,7	26,8	44,5	81,4	105,8	258,5	5,1
<b>MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE</b>		<b>173,0</b>	<b>9 179,7</b>	<b>79,3</b>	<b>99,0</b>	<b>68,7</b>	<b>61,5</b>	<b>125,3</b>	<b>240,7</b>	<b>496,2</b>	<b>5,4</b>
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE	K	57,0	3 033	48,4	10,5	42,4	12,0	16,4	123,6	194,5	6,4
	M	17,0	1 015	26,0	7,0	21,0	18,0	0,0	0,0	39,0	3,8
<b>HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>74,0</b>	<b>4 047,4</b>	<b>74,4</b>	<b>17,5</b>	<b>63,4</b>	<b>30,0</b>	<b>16,4</b>	<b>123,6</b>	<b>233,5</b>	<b>5,8</b>
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane	K	8,0	406	3,3	0,0	3,3	5,0	0,0	23,3	31,6	7,8
	M	23,0	1 097,2	5,0	20,5	0,0	22,0	10,4	3,5	35,9	3,3
<b>FAGSKULEN I Sogn og Fjordane</b>		<b>31,0</b>	<b>1 502,8</b>	<b>8,3</b>	<b>20,5</b>	<b>3,3</b>	<b>27,0</b>	<b>10,4</b>	<b>26,8</b>	<b>67,5</b>	<b>4,5</b>
DALE VIDAREGÅANDE SKULE	K	25,0	1 232	13,0	8,7	11,4	13,2	0,0	38,6	63,2	5,1
	M	18,0	829	6,4	0,0	6,4	0,0	0,0	6,4	0,8	0,8
<b>DALE VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>43,0</b>	<b>2 061,7</b>	<b>19,4</b>	<b>8,7</b>	<b>17,8</b>	<b>13,2</b>	<b>0,0</b>	<b>38,6</b>	<b>69,6</b>	<b>3,4</b>
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE	K	67,0	3 654	43,7	83,0	38,5	36,8	122,1	373,0	570,3	15,6
	M	43,0	2 344	20,9	0,0	16,9	4,0	0,0	34,3	55,1	2,4
<b>FLORA VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>110,0</b>	<b>5 997,8</b>	<b>64,6</b>	<b>83,0</b>	<b>55,4</b>	<b>40,8</b>	<b>122,1</b>	<b>407,3</b>	<b>625,4</b>	<b>10,4</b>
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE	K	50,0	2 609	33,6	19,6	29,6	12,0	14,8	174,6	231,0	8,9
	M	23,0	1 192	16,0	7,5	14,0	9,5	13,0	0,0	36,5	3,1
<b>FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>73,0</b>	<b>3 801,1</b>	<b>49,6</b>	<b>27,1</b>	<b>43,6</b>	<b>21,5</b>	<b>27,8</b>	<b>174,6</b>	<b>267,5</b>	<b>7,0</b>
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE	K	37,0	1 794	9,9	104,6	6,9	3,0	22,8	120,8	153,4	8,6
	M	28,0	1 513	6,2	0,0	10,2	0,0	0,0	0,0	10,2	0,7
<b>STRYN VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>65,0</b>	<b>3 307,8</b>	<b>16,1</b>	<b>104,6</b>	<b>17,1</b>	<b>3,0</b>	<b>22,8</b>	<b>120,8</b>	<b>163,6</b>	<b>4,9</b>
EID VIDAREGÅANDE SKULE	K	50,0	2 676	35,5	88,6	35,5	0,0	4,0	140,7	180,1	6,7
	M	28,0	1 534	6,0	76,0	5,0	8,0	12,5	69,0	94,5	6,2
<b>EID VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>78,0</b>	<b>4 210,2</b>	<b>41,5</b>	<b>164,6</b>	<b>40,5</b>	<b>8,0</b>	<b>16,5</b>	<b>209,7</b>	<b>274,6</b>	<b>6,5</b>
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE	K	50,0	2 633	24,6	34,0	24,6	21,0	33,9	12,5	92,1	3,5
	M	28,0	1 618	6,0	5,0	6,0	5,0	0,0	0,0	11,0	0,7
<b>MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE</b>		<b>78,0</b>	<b>4 250,8</b>	<b>30,6</b>	<b>39,0</b>	<b>30,6</b>	<b>26,0</b>	<b>33,9</b>	<b>12,5</b>	<b>103,1</b>	<b>2,4</b>
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE	K	28,0	1 141	7,7	7,0	4,5	3,2	26,6	17,3	51,6	4,5
	M	12,0	594	4,0	0,0	4,0	0,0	0,0	43,0	47,0	7,9
<b>SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE</b>		<b>40,0</b>	<b>1 735,3</b>	<b>11,7</b>	<b>7,0</b>	<b>8,5</b>	<b>3,2</b>	<b>26,6</b>	<b>60,3</b>	<b>98,6</b>	<b>5,7</b>
Sum skulane 1. kv 2018	K	593,00	30612,70	359,60	637,00	326,60	194,50	457,40	1432,80	2411,20	7,9
	M	417,00	22574,30	171,80	315,50	140,50	120,20	177,70	503,60	941,90	4,2
		<b>1010,00</b>	<b>53187</b>	<b>531,4</b>	<b>952,5</b>	<b>467,1</b>	<b>314,7</b>	<b>635,1</b>	<b>1936,4</b>	<b>3353,1</b>	<b>6,3</b>

Tabell 5) Første kvartal 2019 frå tenesteområdet dei vidaregåande skulane


### 3. Utvikling

Dei grafiske framstillingane under viser det registrerte fráværet frå første kvartal 2014 til og med 4. kvartal i 2018. Fráværet tenderar til å stige. Vi ser likevel at dei kjende årstids-variasjonane dreg årsstatistikken ned att på vårt høvesvis stabile tal.



Grafikk 2) Fráværsutvikling - alle einingane frå 1. kvartal 2014 til og med 1. kvartal 2019

Under er sektorane representert ved tannhelsetenesta, opplæring (dei vidaregåande skulane inkludert fagskulen) og sentraladministrasjonen vist.



Grafikk 3) Fráværsutvikling – sektorane frå 1. kvartal 2014 til og med 1. kvartal 2019

Fylkeskommunen sitt overordna mål har vore å stabilisere sjukefráværet på 5 %. Men den nye IA-avtalen (kun signert sentralt mellom partane) er vi samla utfordra på å redusere fráværstala våre ytterlegare med 10% dei kommande fire åra. Einingane kan ut i frå egne føresetnader gjere vedtak om eit endå meir ambisjøs mål basert på registrerte tal i 2018.

Alle LAMU/einingar har arbeidd med å operasjonalisere mål og tiltak under kvart av dei tre delmåla i IA-avtalen. Nå er det berre målsetjinga om å redusere sjukefráværet som står att med konkrete mål. Ein styrke er at verksemda sine hmt-mål i samband med systematiske hmt-arbeide (internkontroll) held fram med å inkludere dette IA-målet. Ein har med dette oppnådd å integrere IA-mål i eininga sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

Tiltak i arbeidet med å redusere sjukefráværet er tett og god oppfølging av medarbeidarar generelt og spesielt ved helseproblem og under frávær. Eit godt arbeidsmiljø i vid tyding er avgjerande for å

hindre arbeidsmiljørelatert fråvær. Tilrettelegginga skal strekke seg langt i vår organisasjon, men ikkje slik at det fører til meirbelastningar for andre tilsette og generelt i det øvrige arbeidsmiljøet.

#### **4. Konklusjon/tilråding**

Registreringane frå første kvartal 2019 viser at vi ligg 1,6 prosentpoeng over stabiliserings- og IA-målet på fem prosent. Om vi legg inn ambisjonane om ytterlegare 10 % reduksjon får nivået i 2018 (5,5 %) skal vi samla innan utgangen av 2023 ligge på 4,95 %. Denne ambisjonen vart konfirmert i HSU. Det er ikkje klart i dag om dette målalet er realistisk å vidareføra i Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmann opprettheld kravet til at einingar med registrert kvartalsfråvær på eller over seks prosent rapporter etter den gjevne malen<sup>iii</sup>. Fylkesrådmann rår til at hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljø-relaterte.

---

<sup>iii</sup> For at vi får ei eins rapportering og for at ein berre kommenterer moglege arbeidsmiljørelatert fråvær, ber om at tilbakerapporteringa følgjer denne malen:

Vår analyser viser at X vidaregåande skule (sentraladministrasjonen/tannhelsetenesta) registrera X % gjennomsnitt, der kvinner har X % og menn X %. Ved skulen arbeider det X personar. X personar hadde ikkje fråvær i perioden, det vil seie at X % av dei tilsette har 100 % nærvær. Mellom dei med særleg langt sjukefråvær (over 20 %) finn vi X personar. Dette utgjer X av arbeidsstokken.

Skriv kommentar til moglege arbeidsmiljørelatert fråvær. Her skriv du ein kort kommentar til det fråværet du meiner har eller kan ha samband med forhold i arbeidsmiljøet og kva tiltak ein ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær. Gjerne også kva som er utført i høve det aktuelle tilfelle. Vi vil også ha ein vurdering om fråværet ikkje kan relaterast til arbeidsmiljøet. Vi ønskjer tilbagemeldinga anonymt – ingen skildring av diagnosar og namn på tilsette.